

Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal for gjødsel

[Ny rettleiar frå Statsforvaltaren](#)

Webinar 24.3.2025
Øyvind Vatshelle og Martin Søgne



Statsforvaltaren i Vestland

25.03.2025



Alle* som ønsker å spreie gylle eller bioest på beite til våren må søkje om godkjenning no

- Føretaket har ansvar for at innmarksbeita er godkjente som spreieareal før bruk av husdyrgjødsel
- Frå 2028: krav om godkjenning for all spreining òg av *mineralgjødse* på beite
- NB! 6 meter avstand til vassdrag maks 2 kg fosfor/daa

* Gjeld ikkje areal med dokumentert godkjenning frå tidlegare



Kvifor er spreieareal på innmarksbeite viktig tema no

1. Mange manglar godkjenning på areal dei tenkjer å gjødsle
jf. forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv.
2. Krav om mindre husdyrgjødsel per dekar (mindre fosfor), må spreie på større areal
3. Oppstart av biogassanlegg gir mykje ekstra fosfor i enkelte område



Potensielt mykje ekstra fosfor frå biogassanlegg

- Biogassanlegga tek inn mykje fosfor frå andre kjelder enn landbruket
- Bioresten blir separert og inneheld mindre fosfor pr tonn
- Likevel: Anlegga har ønskje om å returnere mykje ekstra fosfor til jordbruksareal

Døme, levering til anlegg 1:

Fosfor frå husdyrgjødsel:	16 tonn
Fosfor frå fiskeopprett, matavfall mm: (svarar til gjødsel frå 4600 mjølkekyr)	69 tonn

Vi har ca. 24.000 mjølkekyr i Vestland
Fosfor frå andre kjelder til tre biogassanlegg no
svarar kanskje til fosfor frå nær 12.000 mjølkekyr

Døme, anlegg 2:

Fosfor frå husdyrgjødsel :	17 tonn
Fosfor frå matavfall mm:	21 tonn
Fosfor planlagt i biorest til lokalt jordbruk:	24 tonn



1. Arealet må kvalifisere som innmarksbeite

1. Er arealet innmarksbeite?	JA	NEI
Er det markslag innmarksbeite i kart (AR5)		
Er det behov for å endre markslag i kart (AR5)		
Dekker ugras (lyssiv mm) og attgroingsartar (einer mm) store område		
Er det stor del smyle, blåtopp, starr og anna gras-liknande som ikkje er beitegras?		
Er minst halve arealet dekket av beitegras og urter som toler beiting		
Er arealet tilgjengeleg for beitedyr		



2. Arealet må bli beita

2. Blir arealet beita?	JA	NEI
Har søkjaren nok dyr til beitearealet		
Er det lang avstand frå fjøs til beite		
Er det praktisk å flytte dyra til beitet		
Ber arealet preg av å ha blitt beita tilstrekkeleg tidlegare år		

Innmarksbeite utan beitedyr kan ikkje bli godkjent som spreieareal.
Beitepraksis skal bli omtalt i vedtaket



3. Arealet må ha tilgjenge for gjødsling, og ein må ha reell plan om å gjødsle

3. Er det tilkomst for gjødsling?	JA	NEI
Er det vurdert kor det er tilkomst for aktuelt spreieutstyr for husdyrgjødsel	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er det vurdert kor det er tilkomst for aktuelt spreieutstyr for mineralgjødsel	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Dersom det er plan om gjødsling på areal utan tilkomst: Er det realistisk plan om å lage tilkomst	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Går det høgspenning gjennom beitet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Må delar av beitet bli gjødsla frå bilveg	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er det vurdert kor stor del av beitet som er uproduktivt areal	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Innmarksbeite godkjent som spreieareal for husdyrgjødsel *må* brukast som spreieareal! (kkje berre kan brukast)



4. Arealet må kunne påvisast i terrenget

4. Er det lett å forstå i terrenget kor godkjent spreieareal er?	JA	NEI	Merknader
Er det tydeleg avgrensing med gjerde			
Viss ikkje: Er det tydeleg naturleg avgrensing med elv, vatn, berg eller liknande			
Viss ikkje: Er det tydelege skilje i vegetasjonen			

Det må vere lett å forstå i terrenget kor grensa for godkjent areal og gjødsling går




5. Omsyn til natur- og kulturlandskapsverdiar skal bli særleg vektlagt biomangfald

5. Er natur- og kulturlandskapsverdiar lagt særleg vekt på?	JA	NEI	Merknader
Er påverknad på biologisk mangfald vurdert			
På areal som ikkje er dokumentert gjødsla tidlegare; er potensiale for verdifullt biologisk mangfald vurdert med synfaring i vekstsesongen			
Er Statsforvaltaren kontakta dersom det kan vere behov for kartlegging til Naturbase			
Har søkaren fått tips om RMP-tilskot dersom det er naturbeitemark e.l. på disponert areal			
Er prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 vurdert			

- Vi forventar at naturbeitemark ikkje blir godkjent som spreieareal for gjødsel
- Kommunen må ha rutine for å oppdage biologiske verdiar som ikkje er kartlagte



5. Omsyn til natur- og kulturlandskapsverdiar skal bli særleg vektlagt vasskvalitet mm.



5. Er natur- og kulturlandskapsverdiar lagt særleg vekt på?	JA	NEI	Merknader
Oppfyller tilgrensande vassførekomstar målet om god vasskvalitet			
Har tilgrensande vassførekomstar sårbare artar			
Er alt godkjent spreieareal minst 6 meter frå vassdrag			
Er det vurdert om det er behov for avstand òg til open grøft, vassig og udrenerte delar av beitet			
Er konsekvensar for landskapsbilete og kulturminne vurdert			
Er negative konsekvensar av gjødslinga så store at delar av eller heile søknaden bør blir avslått?			

- Kommunen må vurdere vilkår for å unngå negativ påverknad. Må vere diskutert med søkar og grunngitt i vedtaket.



6. Andre omsyn må bli vektlagt

6. Er andre omsyn vurdert	JA	NEI	Merknader
Er avstand til brønn / drikkevasskjelde vurdert			
Er det andre aktuelle omsyn som må vurderast			



7. Eventuelle gamle godkjenningar kan bli vurdert


- Gamle godkjenningar gjeld framleis, ikkje krav om å vurdere dei på ny
- Likevel gjødslinga i tråd med regelverk:
 - Berre på areal som framleis er innmarksbeite
 - Berre på areal som er i bruk / blir beita
 - Minst 6 meter avstand til vassdragUtrekna areal i gamle godkjenningar er difor ofte endra i dag
- Gi beskjed til Statsforvaltaren dersom gamle godkjenningar bør bli vurdert oppheva, dersom ein ikkje gjere frivillig ny godkjenning





Kart og berekning av areal

Kommunen bør lage digitale kart som viser kva del av kvar teig som er godkjent spreieareal



 Spreieareal (brutto)

 Innmarksbeite

Ulike areal av innmarksbeite	Omtale	Døme på teig
Produksjonstilskotsareal	Areal klassifisert som innmarksbeite	50 daa
Brutto godkjent spreieareal	Etter fråtrekk for areal med biologisk mangfald, nær vassdrag, utan tilkomst og bruk mm. Teikna på kart i vedtak.	30 daa
Effektivt spreieareal	Etter fråtrekk for uproduktivt areal Oppgitt i vedtak	30 % tre og berg: $30 \text{ daa} \times 0,70 = 21 \text{ daa}$



Behov for synfaring

- Det er normalt sett behov for synfaring for å vurdere arealet, beitebruk, tilkomst, uproduktivt areal, omsyn til vassmiljø og biologisk mangfald mm.
- På tidlegare ugjødsla areal trengst synfaring *i vekstsesongen!*

Ikkje alle delar av eit innmarksbeite kjem til å bli gjødsla..




Gjødsling på innmarksbeite

Innmarksbeita utgjør 38% av jordbruksarealet i Vestland (*produksjonstilskot 2023*)

Mange beite blir gjødsla
(*gjødselundersøkinga SSB 2018, samla for «Vestland» og Møre og Romsdal*):


- 58 % av innmarksbeita blir gjødsla, 42 % er ugjødsla
- *Mineralgjødsla* på ca. 47 % av arealet
- *Husdyrgjødsla* på ca. 26 % av arealet

Gjeld ca. 396.000 daa innmarksbeite, derav ca. 305.000 – 310.000 daa i «Vestland»





Spreiing av gylle / husdyrgjødsel på innmarksbeite i normale år



60 % av mjølkebruka* i Vestland spreier gylle på innmarksbeite i normale år
(spørreundersøking februar 2025, Statsforvaltaren)

I ytre delar av Hordaland er det fleire av mjølkebruka som nyttar gylle på beita, og dei spreier på større areal.

* inkl svin og fjørfe



Korleis rekke alt i 2025 – forslag

1. Få inn alle søknadane med det same
2. Sjekk om noko areal er lite gjødsla /
ugjødsla frå tidlegare
→ Rask tilbakemelding til søkeren om å vente
med gjødsling til etter vurdering
3. For areal som skal gjødslast på same måte
som tidlegare år, kan kommunen «kjøpe
seg tid»
→ Bruk tid på vurderingane og rett kart-
innteikning av reelt gjødsla areal. Ein må godta
at nokre vedtak kjem etter gjødsling 2025

*Dokumentasjon på tidlegare gjødsling:
gjødslingsplan til dømes frå 2022 eller 2023*



Oppdatering gjødslingsplan

- Oppdatert gjødslingsplan skal vise godkjent spreieareal med rett areal
- For å vise rett mengde gjødsel og fosfor må planen må være knyttet til *effektivt* spreieareal, uten uproduktivt areal
- Praktisk tilpassing: Dersom det skjer endringer i spreieareal tett opp til vekstsesongen, er det nok at planen blir oppdatert før neste sesong

Parcel	Avling	Behov N	Behov P	Behov K	Siltig mellomsand
7 Kvednaholo Jordanalyse: pH=5,4 P-Al=8 K-Al=12 Ca-Al=29 Mg-Al=7 Leire=0 Mold=4 Beregnet 2023: pH=5,3 K-Al=12 Forgrøde: Middels kulturbeite, 2gj. Avling: 250	23,5 daa	11,0	1,2	7,5	3,0
		Tilført N: 9,7	P: 0,8	K: 5,2	S: 1,2
		Overgjødning 20 kg Fullgj.* 22-2-12			
Vår 25 kg Fullgj.* 22-2-12					
8 Revhuset Jordanalyse: pH=5,4 P-Al=8 K-Al=12 Ca-Al=29 Mg-Al=7 Leire=0 Mold=4 Beregnet 2023: pH=5,3 K-Al=12 Forgrøde: Middels kulturbeite, 2gj. Avling: 250	33,5 daa	9,4	1,0	7,5	2,8
		Tilført N: 9,7	P: 0,8	K: 5,2	S: 1,2
		Overgjødning 20 kg Fullgj.* 22-2-12			
Vår 25 kg Fullgj.* 22-2-12					
9 Skokkane Jordanalyse: pH=5,3 P-Al=7 K-Al=15 Ca-Al=97 Mg-Al=29 Leire=0 Mold=4 Beregnet 2023: pH=5,2 K-Al=15 Forgrøde: Middels kulturbeite, 2gj. Avling: 250	20,5 daa	11,0	1,2	7,5	3,0
		Tilført N: 9,7	P: 0,8	K: 5,2	S: 1,2
		Overgjødning 20 kg Fullgj.* 22-2-12			
Vår 25 kg Fullgj.* 22-2-12					
10 Stølen Jordanalyse: pH=5,3 P-Al=7 K-Al=15 Ca-Al=97 Mg-Al=29 Leire=0 Mold=4 Beregnet 2023: pH=5,2 K-Al=15 Forgrøde: Middels kulturbeite, 2gj. Avling: 250	43,2 daa	9,4	1,2	7,1	2,8
		Tilført N: 9,7	P: 0,8	K: 5,2	S: 1,2
		Overgjødning 20 kg Fullgj.* 22-2-12			
Vår 25 kg Fullgj.* 22-2-12					
11 Storåker Jordanalyse: pH=5,3 P-Al=21 K-Al=19 Ca-Al=72 Mg-Al=10 Leire=0 Mold=5 Beregnet 2023: pH=5,2 K-Al=19 Forgrøde: Middels kulturbeite, 2gj. Avling: 250	79,6 daa	8,6	0,0	6,8	2,8
		Tilført N: 9,7	P: 0,8	K: 5,2	S: 1,2
		Overgjødning 20 kg Fullgj.* 22-2-12			
Vår 25 kg Fullgj.* 22-2-12					
12 Klampen Jordanalyse: pH=5,3 P-Al=21 K-Al=19 Ca-Al=72 Mg-Al=10 Leire=0 Mold=5 Beregnet 2023: pH=5,2 K-Al=19 Forgrøde: Middels kulturbeite, 2gj. Avling: 250	24,6 daa	11,0	1,2	7,5	3,0
		Tilført N: 9,7	P: 0,8	K: 5,2	S: 1,2
		Overgjødning 20 kg Fullgj.* 22-2-12			
Vår 25 kg Fullgj.* 22-2-12					

Vestland	Frå 2025	2026	2027	2028	2029	2030	...	2033 →
Spreietidspunkt	15. sept utan nedmolding 1. nov med nedmolding 15. februar		15. september uansett (føretak med overgangstid: 1. nov med nedmolding) 1. mars Hausting etter siste spreieing		15. september uansett 1. Mars Hausting etter siste spreieing			
Fosforgrense	3,5 kg P/daa		2,8 kg P/daa			2,5 kg P/daa		2,3 kg P/daa
Husdyrgjødsel på innmarksbeite	Søknadspliktig Godkjenningar gitt før 1. feb 2025 gjeld framleis							
Mineralgjødsel på innmarksbeite	Tillate så lenge du har gjødslingsplan frå 2022 eller 2023 som viser at det blei brukt mineralgjødsel før 1. feb 2025			Søknadspliktig				
Gjødslingsplan	Som før Gamle fritak ok	Krav etter ny forskrift § 26: Nye krav til kven som skal ha gjødslingsplan, Truleg ikkje høve til fritak						
Gjødslingsjournal inkl. oversikt over motteke gjødsel meir enn 75 kg P	Ikkje krav	Krav etter ny forskrift § 27: Alle skal føre journal, òg dei som ikkje har krav om gjødslingsplan						
Innrapportering ved bortskaffing av gjødsel meir enn 75 kg P	Kravet gjeld frå det tidspunktet som Landbruksdirektoratet bestemmer							
Jordprøver	Jordprøver tatt før 2025 er godkjent, så lenge dei er kartfesta og gir info om jordart, pH, P-Al og moldinnhald					Uttak og analyse av jordprøver skal følge krav i § 29		
Innrapportering av jordanalyseresultat	Kravet gjeld frå det tidspunktet som Landbruksdirektoratet bestemmer							
Bruk av gjødselvarer med avløpsslam						Ikkje tillate dersom P-Al >= 14 Maks 25 kg P/daa i tiårsperiode		